

Referat etter intervju med fylkesordfører Jenny Følling, 13. mai 2016

Innleiingsvis orienterte leiar om frammøte. Leiar i kontrollutvalet Frank Willy Djuvik leia møtet. Jorunn Ringstad, medlem i kontrollutvalet var med på intervjuet. I tillegg var også revisor Marianne Vara og kontrollsjef Einar Ulla til stades.

Litt om bakgrunn for intervjuet. Det vart orientert om bruk av lydopptak for å få eit best mogeleg referat. Referatet vil bli sendt til verifisering. Det verifiserte intervjuet vert brukt vidare i saka.

Kontrollutvalet sitt formål er å gjennomføre kontroll av fylkeskommunen si eigarutøving av primært F1 Holding, men også dotterselskapet Fjord1, at våre eigarrepresentantar ivaretek vår eigarskap i samsvar med eigarmelding, lover og reglar og god etisk selskapsskikk. Grunnlaget for intervjuet er tilsendte dokument, mellom anna notata frå Selmer som du kjenner til.

Det er leiar i kontrollutvalet som stiller spørsmåla, men medlemmane i utvalet har høve til å stille tilleggsspørsmål.

Har du spørsmål eller kommentarer før vi begynner?

Spørsmåla er ikkje sendt ut på førehand? (Djuvik Nei, det er dei ikkje). Eg er her som eigarutsending og leiar av FU.

1. Det med rollene er ein relevant start. Det er litt vanskeleg å få tak på rolledelinga på grunn avkonstruksjonane. FU som har eigarrolla har vald fylkesrådmannen (frm) som eigarutsending i F1 Holding. Då er frm etter eigarmeldinga den som har ansvaret for tilbakerapportering på eigarskapen i F1 Holding. Så er Jan Øhlckers (JØ) i generalforsamling vald som styreleiar i F1 Holding. Så er det vedtektsfesta at fylkesordfører (FO) skal vere eigarutsending til Fjord1. Korleis blir dette formelt i og med at du formelt sett vert underlagt frm i dette, at han gjennom eigarutøving i F1 Holding faktisk har mogelegheit til å instruere FO. Vi merkar oss at det er du som rapporterer til FU, og ikkje frm. Kan du seie litt om denne organiseringa?

Vi har funne ei grei måte å gjere dette på, og samarbeidet mellom oss tre har vore veldig bra. Vi har politisk vedtak på at aktiviteten i F1 Holding kan vere på eit minimum. FO er eigar-utsending til Fjord1 og det er frm som i utgangspunktet har fullmakt til å gjennomføre FT-vedtak. Når det har vore behov for kontakt mellom fylkeskommunen og Fjord1-styret har denne i stor grad gått mellom FO og styreleiar. Så har styreleiar ev. hatt kommunikasjon med "våre" styremedlemmar. Etter som dette samarbeidet har utvikla seg, har eg hatt kontakt (e-post) med styreleiar, og nokre tilfelle også sendt kopi til «våre» styremedlemmer. Dette har hatt ei praktisk grunngeving og i stor grad vore knytt opp mot avtalte kontaktmøte. Så har frm og eg i samarbeid diskutert tema for desse møta. Vi har og invitert «dei 4» til å ta opp ting. Frm har ikkje forhalde seg til styreleiar i Fjord1 og heller ikkje instruert FO. Vi har ikkje vore der at eg som eigar har instruert nokre i Fjord1-styret. Det må i så fall skje i GF.

2. Har ein nokre formelle rutinar for kommunikasjon, vedtak og korleis ein skal utøve eigarskap mellom deg, frm og JØ i dette. Det er her, mellom Fjord1 og FU som er formelt problematisk. Har ein rutinar på at desse spørsmåla vert drøfta og diskutert og i nødvendig grad vedtatt i styremøte i F1 Holding?

Ja, vi har politisk vedtak på dette og det meiner eg vi tilpassar oss. I denne spesielle saka (FT- vedtaket 23.11.15) samarbeider fr̄m tett med meg og eg har kontakten med styreleiaren i Fjord1. Fr̄m har kommunikasjon med JØ. Av dei dokumenta de har fått kan de sjå at det har vore uttrykt behov (Vidar G.) for eit tillitsbasert forum. Og eg meiner kontaktmøta våre har fått den funksjonen.

3. Ringstad: Føler du at dette er ei organisering som fungerer? Når du ser det slik som her, kan ein stille spørsmål om kven som kan instruere kven når FO skal rapportere til FU?

Eg føler det har fungert. Eg har rapportert til FU etter kontaktmøta vi har hatt. Det er FU som utøver eigarskapen. JØ har informert frå F1 Holding(økonomirapportar og slikt). Han deltek i FU-møta når vi har slike saker. I første påkomande FU har vi informert etter desse møta. Då har eg informert om dei sakene som går på eigarrolla. JØ har altså informert frå F1 Holding. I kontaktmøta har alle tre delteke.

4. Eit anna element i dette er at, som du var inne på, fylkesrådmannen er blitt gitt eit oppdrag av FT knytt til den aksjekjøpsavtalen og aksjonæravtalen. Torghatten (TH) er aktør i det, som då går inn og kjøper 50% av F1 Holding. Det som er under er ikkje så sentralt i den samanheng, men så opplyser fr̄m at det er du som har dialogen med TH. Det er fr̄m som er gitt oppdraget formelt sett, og har eigarutøvinga overfor F1 Holding, og då er spørsmålet. Kvifor er det du som har dialogen med TH i den prosessen som vi no er i?

FT har selt 50% av F1 Holding til Torghatten (TH). I og med at eg er fk fremste politiske representant, at eg har kontakten med styreleiar I Fjord1 og eg også har kontakt med Havila (H, eigarmøta), har vi sett det som naturleg at eg og har eg har hatt kontakt mot TH (ev. framtidig eigar). Dette har eg og fr̄m samarbeidd nært og godt om. Fr̄m har likevel det ansvaret han har fått frå FT.

5. Du har vore innoom kontaktmøta, som dei vert kalla. Kontrollutvalet er kjent med at det 15.01, 01.03 og 28.04 vart gjennomført møte mellom Fylkesordføraren, Fylkesrådmannen, styreleiar i F1 Holding og 4 styremedlemmer i Fjord1. I følgje Pål Lorentzen var det fk som ønska å ha slike møte, og var heilt spesifikk på at det var berre desse fire styremedlemmane som skulle vere med i dei kontaktmøta. Det vart avtalt i eit telefonmøte same dag som generalforsamling då dei vart valde. Pål Lorentzen sa at det var FO som tok initiativ til det. Ser ein at det kan oppfattast som at ein her prøver å ha ein organisert kommunikasjon med deler av styret i Fjord1 om saker som kanskje heile styret eigentleg har behov for å vere informert om for å ta beslutningar på vegne av selskapet?

Det var som sagt eit telefonmøte på ettermiddagen den dagen styremedlemmane vart valde. Tlf.-møtet var med styreleiar Pål Lorentzen. Styret kom inn i ein krevjande situasjon der det gamle styret gjekk fordi dei var usamde i eigar, og dei nye vart kasta inn i det. Det var eit behov for å bli kjend med styreleiar, ikkje minst. Han kjende ingen av oss, og – så vidt eg forstod – heller ikkje resten av styremedlemmane. Pr. tlf. vart det avtalt at vi ynskje å møtast. Formelt er det slik at det er Lorentzen som avgjer om han vil ta med fleire og kven han vil ha med. Eg forholdt meg til styreleiar. Det går fram av ein e-post frå meg 22.12.15 til Pål (med framlegg til datoar), så er det han som har hatt kommunikasjonen med dei andre. De har fått e-posten som Vidar G. sende før første kontaktmøtet. Det var det møtet som var avtalt då, og så vurderte vi vidare om det var behov for fleire. Det første Lorentzen gjorde

etter at han var vald, var å reise til Florø for å bli kjend med administrasjonen. Det var ein veldig krevjande situasjon å gå inn i tillegg til å ha eigarar i konflikt. All respekt for dei som gjekk inn i styret. Det var viktig å få informert dei om vedtak som var gjort. Vi var samde om at det hadde vore ein mangel på kommunikasjon tidlegare, og styreleiar og eg var samde om å ha ein tettare dialog enn det hadde vore. Vi var også samde om at det var tenleg å ha eigarmøte med H. Eigarmøtet med H. vart halde før første kontaktmøte. Det vart viktig å bygge tillit slik at selskapet kunne fungere godt, samtidig som vedtaket i FT kunne gjennomførast. Det er frm som har fullmakt til å gjennomføre vedtaket, men i den grad det har vore behov for styret sin medverknad, har eg altså hatt kontakten den vegen. Som de ser av notata frå møta har dei 4 stilt spørsmål og kome med kommentarar. Det har vore positivt. Så spurde du kvifor alle styremedlemmane ikkje var med. For det første bestemmer Pål kven han ynskjer å ha med. For det andre var det opplysningar som den andre aksjonæren ikkje skulle ha kjennskap til - på det tidspunktet. Vi har altså halde kontakten med H i eit anna forum (eigarmøta). Vi er ikkje direkte representert i Styret i Fjord1 – der vi ev. kunne møtt «alle». Det var derfor ikkje aktuelt. Og dessutan veit vi at Pål har informert frå kontaktmøta til styret i Fjord1.

6. Det er forståeleg. Men i følge Lorentzen var det heilt spesifikt frå fk at det var dei 4. Det var også i eit kontaktmøte 1.3 opplyst at Lorentzen ikkje stod fritt til å ta med seg andre styremedlemmar. Det var dei fire heilt spesifikt som var sagt. Det var opplyst på møte 1.3 at resten av styret ikkje kunne får den same informasjonen som dei fire styremedlemmane hadde. Du seier at det er styreleiar som veljar det, men ut frå styreleiar er det fk som har valt det å møte dei fire. Og det gjekk også fram av eit brev som vart sendt 8.12 til dei fire, og ikkje resten av styret, at ein på ein måte ønska å ha ein annan type kommunikasjon med desse.

Det er eit brev sendt frå F1 Holding? (Djuvik stadfesta det). Og her ligg vesentleg info frå avtaleverket som H der og då ikkje kunne få. Dette er oppfølging av FT-vedtaket. Og som de ser av e-postane, har kommunikasjonen vore med Pål. Eg har ikkje forholdt meg til dei andre. Min kommunikasjon har gått gjennom styreleiar, og han bestemmer kven, og om han vi ha med andre. Men på grunn av avtaleverket er det altså opplysningar som H ikkje kunne få. Det var ynskjeleg å ha med "våre fire", men eg har ikkje lagt meg opp i kven styreleiar skulle ha med i møta. Eg har vore veldig ryddig på at kommunikasjonen har gått mellom oss. Lorentsen har samordna datoar med dei andre. Eg har passa på at frm og JØ kunne vere med (praktisk).

7. I nokre av dei kontaktmøta som er gjennomført opplyser JØ til oss at ein har forsøkt å instruere, eller han bruker uttrykket gjennomskjering, i samband med at dette er eit dotterselskap til F1 Holding og Pål Lorentzen stadfestar også på direkte spørsmål at dei føler dei er forsøkt instruert utanom generalforsamling gjennom dei møta. Ser ein balansegangen mellom det å instruere utanom generalforsamling og det å informere om eigar sine interesser og ønsker?

Ja, eg ser absolutt balansegangen. I forberedande notatet går det fram at vi har eit bevisst forhold til dette. Der avtalte vi at vi ynskjer ikkje å varsle at vi instruerer i GF. Vi informerte i kontaktmøta om at det er område der aksjonæravtalen føreset bestemte handlingar (som td 0-utbyte). Styreleiar må så sjå korleis dette ev. kan løysast. Dei har aksjelova og forholde seg til. Dei juridiske notata, som Lorentzen har fått utarbeidd, viser at dei har tatt den rolla på alvor. Så er det FT sitt vedtak som skal gjennomførast, og dersom det ikkje «går opp» er det GF som er instituttet for

instruksjon. Det er kan bli nytta når det gjeld 0-utbyte. Dette er eit eksempel på at styret har handla ut frå deira rammer og at GF ev. vert nytta. Elles meiner eg ikkje at JØ/F1 Holding har prøvd seg på nokon direkte instruksjon - utanom GF. Eg har vanskeleg for å tru at JØ har sagt det i intervjuet, då han heile tida har hatt eit bevisst forhold til dette.

8. Du er inne på notata frå Selmer. Her er det mellom anna omtalt ein del om organisert kommunikasjon til enkeltstyremedlemmar. Kan sitere noko av det som står der. Dei eine går på dette med at eit styremedlem er styremedlem for alle eigarane og ikkje berre for ein av eigarane. «De styremedlemmene som er valgt etter F1 Holdings nominasjon har således ikke vidare rammer til å kommunisere med F1 Holding, fk eller TH enn det øvrige styremedlemmer har, og at styremedlemmer valgt etter F1 Holdings nominasjon skal ikke særskilt ivaret F1 Holdings interesser enn mindre enn fk eller Th interesser.» Så står det også at «Informasjons- eller kontaktmøte med F1 Holding eller fk må imidlertid holdes innenfor rammen av kravet til likebehandling av aksjonærer og det som er i selskapets interesse og i trå med aksjonærfellesskapets interesser.» Eg skjønner veldig godt at kontaktmøta er veldig nyttige for å dele informasjon og korleis prosesser går, men ser ein at dette kan oppfattast som ein forskjellsbehandling av eigarane, og for så vidt styret, der på ein måte gjevein eksklusivitet til deler av styret både når det gjeld utveksling av informasjon, men også at den andre eigaren ikkje er klar over prosessen?

Eg meiner likebehandling av eigarane er godt ivaretatt gjennom dei regelmessige eigarmøta vi har hatt med H, mellom kontaktmøta. For det første hadde vi eit eigarmøte før første kontaktmøte. Så har vi også hatt eigarmøte seinare. Opplysningar som ikkje skal delast med H har ikkje vore tatt opp der. Og så har styreleiar halde resten av styret tilstrekkeleg orientert om kontaktmøta. Vi ville ikkje gå runden med instruksjon når det gjeld observatør i styret. Det synes vi var unødvendig.

9. JØ stadfestar at han har ringt rundt ikkje berre i samband med kontaktmøta, men også til enkeltmedlemmar i styret med det formålet å påverke dei til å innta spesifikke haldningar i saker som skal behandlast og Pål Lorentzen hevder også at du som FO har ringt enkeltstyremedlemmer i Fjord1, og diskutert saker i Fjord1 enkeltvis. Kva har vore formålet med å ta kontakt med i styremedlemmane enkeltvis?

Eg kjem ikkje på at eg har ringt styremedlemmer. Hevda Lorentzen det? Vidare veit eg at JØ hadde 1 – ei – ringerunde. Han seier at føremålet med denne var ikkje å instruere, og det trur eg heller ikkje at han prøvde på. Jf. svar på spørsmål 7 over.

(Merknad i samband med referat: Lorentzen har i verifisering av referat etter intervju sagt at han kjende til at Jan Øhickers hadde ringt styremedlemmane, men ikkje at FO hadde ringt).

Eg kjem ikkje på at eg har tatt kontakt med dei med formål å påverke dei i deira standpunkt. Eg meiner eg ikkje har hatt kontakt med dei om Fjord1 utanom kontaktmøta. Kommunikasjon skal gå mellom styreleiar og FO.

10. Til det brevet som vi alt har vore innom. Dette er signert av JØ frå F1 Holding. Det er eit litt spesielt brev, fordi det er merka med Sogn og Fjordane fylkeskommune, det er økonomisjefen som står som sakhandsamer, og så skjønner vi at det er skrive av Wiersholm. Det er sendt til dei fire styremedlemmane frå F1 Holding. Det går frå JØ, men det er vel du som er

eigarrepresentant i F1 Holding overfor Fjord1? Kvifor gjekk dette brevet frå JØ og ikkje frå deg som eigarrepresentant?

Det må de ta opp med frm, for det er han som har fullmakt til å følge opp vedtaket. Det er truleg eit poeng her at det er i F1 Holding at fylkeskommunen sine Fjord1-aksjar ligg.

11. Vi har diskutert dette med JØ og frm i tidlegare intervju.

Kva sa dei?

Djuvik: Dei sa ikkje så mykje. JØ sa at brevet var meint for dei fire for at dei skulle vere opplyst om den delen av aksjonæravtalen og aksjekjøpsavtalen som var relevant for dei, og kva forventningar ein hadde til dei som styremedlemmar.

Det formelle brevet om fylkestinget sitt vedtaket gjekk ut 26. november frå fylkesordføraren til selskapet ved dagleg leiar, Dagfinn Neteland. Han gjekk av same dagen.

12. Vi vil ikkje stille så mange spørsmål om dette brevet, men det eg vil stille spørsmål om er likevel tittelen på brevet om plikter etter sal av 50% av fk sine aksjar. Så står det også at dette inneber plikt og avgrensing for styret, m.a. at styremedlemmane har plikt til å påse dette som går på utbytte. Kva synes du om at ein bruker uttrykk som plikt, føringar og avgrensingar i eit brev til fire styremedlemmer. Meiner du at det kan oppfattast som instruksjon frå dei som les det, utan at det nødvendigvis er meint slik?

Dette er opplysningar om salet, og så reknar eg med at styremedlemmane kjenner til si rolle gjennom lova og at det er gjennom GF ein ev. instruerer. Som du ser har vi i kontaktmøta vore veldig tydelege på kva som er dialog, kva vi søker ei løysing på, og når varslar ev. t at det kan bli instruks. Det meiner eg vi hatt eit bevisst forhold til. Det står også i notat av 13.01.16 frå Selmer at fk skulle ha forsøkt å instruere styremedlemmane. Det er skrive før det halde eit einaste kontaktmøte. Eg skjønner ikkje kvar det kjem ifrå. Dei førre styre-medlemmane gjekk fordi dei ikkje ville iverksette vedtaket. Dei nye styremedlemmane som var oppnemnde vart godt opplyste om kva som måtte løysast for at vedtaket om sal kunne gjennomførast. Det er tydeleg at styret brukar aksjelova å styre etter, slik at selskapet og begge aksjonærane vert ivaretatt, men i GF er det eigarane sine interesse som gjeld. Eg meiner vi har vore veldig opptatte av dette i dialogen. På det siste møtet drøfta vi 0-utbytte og korleis vi skulle handtere det når styret tilrådde utbytte. Då vart vi samde om å bruke GF. Eg synes styret har vore veldig profesjonelle. Dei har bedt om juridiske utgreiingar slik at dei er sikre på at dei handterer sakene rett. Vi har på løyst dei tinga som skal til for å ivareta avtaleverket, og det som står att er KT, BBDD og litt til. Vi har blitt einige om ei rekkjefølgje. Styret har fått ei utgreiing på DD. Det vart tatt opp i eigarmøte med Havila, og dei har sagt at viss KT godkjenner salet, må dei legge til rette for at DD kan gjennomførast. Eg synes at desse potensielle konfliktområda som ligg i ulike roller, aksjonæravtale mv etter kvart har løyst seg fint. Eg står fullt og heilt bak den fellesfråsegna som Lorentzen og eg skreiv om våre roller, klåre konfliktområde, men at ein har funne ein måte og handtere dette på, og er samde om alle vesentlege spørsmål. Det er viktig at styret har sin integritet og vi kan ivareta eigarrolla vår og vedtaket i fylkestinget som skal gjennomførast.

13. Revisor: Når du snakkar om styret, snakkar du om heile styret, om styreleiar eller om styreleiar og «våre» styremedlemmer?

Når eg snakkar om styret, peikar eg på styreleiar. Han utfører vervet på ein god måte som gir styret integritet. Det er rett å knytte det til styreleiar.

14. Litt meir på det som går på instruksjon. Som du seier så står det i Selmer-notatet frå 13.01 at fk har prøvd å instruere styremedlemmane. Det kan jo også vere på bakgrunn av dette brevet som er datert 8.12.15. Det kan vere her ein har oppfatta dette. Pål Lorentzen bekrefta også overfor oss at dei føler seg utsatt for forsøk på instruksjon, og i følgje JØ var det ein viss usemje mellom dei fire styremedlemmane og fk i ein periode før ein fekk klarlagt ting der det var gitt uttrykk for at ein prøvde å instruere dei. Så har vi også brev som vart sendt før di tid, av den førre FO som har vore med i vurderinga frå Selmer. Her kan det vere mange ting som kan ha spilt inn, men kva tenker du om at styret sjølv føler at dei er blitt utsatt for forsøk på instruksjon utanfor generalforsamling?

I Selmer-notatet der ein skriv om instruksjon (13.01.16), er det ikkje vist til brevet av 8.12.15, men til tre andre brev. Og i desse les eg ingen «instruksjon». Eg tenker at det viktig å vere tydeleg her når ein ev. instruerer. Det er i GF. Det har vore konfliktområde med behov for å finne løysingar. Eg meiner at vi ved å ved å opplyse om vedtaket og kva handlingar styret må medverke til for å gjennomføre dette, ikkje instruerer. Det er når handlinga skal utførast det ev. vert brukt instruksjon. Ein må vere presis på dette. Og dette meiner eg både Styret og JØ har vore medvitne om.

15. Det er eg samd i. JØ brukte vel uttrykket good governance. Normal selskapsskikk er at eit morselskap gjennom sine vedtak kan, sjølv om det ikkje er gjennom GF, instruere styret i eit dotterselskap. Det er gjennomskjeringsprinsippet som Selmer også peikar på i eit av sine notat. Det er også bakgrunnen for at vi er opptatt av dei formelle tinga her, då JØ seier at ein forventar at ein følgjer opp vedtak sjølv om det ikkje har vore generalforsamling ut frå normal selskapsskikk i Norge at vedtak i eit morselskap vert følgt opp i eit dotterselskap. Er du enig i det?

Eg veit ikkje om eg skal seie med enig eller ueinig. Eg er opptatt av at ein skal bruke dei institutta som ligg der. Ein må kjenne til kva rolle ein har, kva regelverk som gjeld mv. Og kjem t.d. eit styre til at ein vil tilrå eit visst utbytte fordi det sannsynlegvis er eit kompromiss mellom fk og Havila, så er det deira ansvar. Så har vi andre forplikingar, og så løyser vi dei i GF. Eg synes det er uproblematisk. Eg har respekt for styret si rolle og styret sine vurderingar. Ut i frå det eg har lese av det dei har lagt fram, synes eg dei har sett seg godt inn i ting, hand-tert det og så har vi funne løysingar der vi må finne det.

16. Når det gjeld 0-utbytte. Du har vore inn på det allereie. Det er generalforsamlinga som vedtek utbytte. GF kan vedta eit lågare utbytte enn det styret foreslår, men dei kan ikkje vedta eit høgare utbytte. Viss dei vedtek eit høgare utbytte, må styret behandle det på nytt. Då kan styret velje å gjere det eller å ikkje gjere det og då gå av dersom general-forsamlinga står hardt på det. Ein har heile vegen hatt moglegheit til å få GF til å vedta eit lågare utbytte og berre seie at ein vil ha 0-utbytte. Kvifor har det då vore så viktig å prøve å få styret til å foreslå 0-utbytte? Ein kunne berre ha gjort det utan å lage noko styr omkring det.

Det var eit spenningspunkt dette med 0-utbyte fordi det var eit konfliktområde i høve andre eigaren. Det var viktig at styret tidleg fekk vite at dette låg i avtaleverket. Når vi tok dette opp i kontaktmøte så lurte vi på korleis dei ev. ville løyse det. Styreleiar varsla at dei ville diskutere dette. Så tilrådde styret eit visst utbytte. I kontaktmøtet ga vi beskjed om at dette ikkje er i tråd med avtaleverket, og såleis våre plikter overfor TH. Pål W Lorentsen varsla at dei ville akseptere ein instruksjon på GF. Når han kvitterte ut det var saka løyst. Det vert lagt til rette for å legge fram to rekneskap, eit med 0-utbyte og eit med utbytte. Det har vore diskusjonar om korleis vi skal løyse det reint formelt, men det trur eg løyser seg.

17.

[Redacted]

[Redacted]

18.

[Redacted]

[Redacted]

19

[Redacted]

20.

[Redacted]

21. 01.03.16 vart det arrangert eit møte der representantar frå fylkeskommunen/F1 Holding, 4 styremedlemmer i Fjord1 og 2 representantar frå Torghatten var til stades. Kva informasjon vart gitt på det møtet?

Det var ein rein presentasjon av TH si historie frå 70-talet og fram til no, med oppbygging av selskapet.

22. Pål Lorentzen sa i intervju i går at han opplevde at forholdet mellom fk og han som styreleder og dei andre styremedlemmane har gått seg til veldig mykje og han oppleve det som bra. Men likevel har eg eit spørsmål knytt til FU-møtet 13. mars. Fleire fylkesutvalsmedlemmer har uttrykt at dei meiner at det det på møtet i FU 13. mars framsto som at du og styreleiar Pål Lorentzen ikkje var samd i at kommunikasjonen mellom fylkeskommunen og styreleiar var slik den burde. Kom det fram uenigheter mellom deg og Lorentzen på dette møtet?

Nei, det ikkje kom fram informasjon i det møtet som skulle tilseie at eg og Lorentzen var usamde. Tvert om så roste styreleiaren for god jobb. Det som derimot var tema, var rutinane rundt dette med informasjonsflyt til konkurransetilsynet som vart tatt opp av FI Holding. Eg har respekt for roller, og når styret fann det er rett å behandle det slik så må det bli sånn for fk. Etter møtet i FU bestilte Lorentzen eit notat for å få dokumentert korleis styret hadde handtert infomasjonsflyt til konkurransetilsynet som han la fram på neste dialogmøte. Han bad meg orientere FU om at styret hadde handtert denne informasjonsbiten tilfredsstillande. Eg sa også at styret F1 Holding har ivaretatt våre interesser tilfredsstillande. Det er slike omsyn ein må ta når du handterer konfidensielle opplysningar. Lorentzen følte at det var behov for at eg skulle opplyse FU om dette, og det gjorde eg. Det kan dei som var til stades i møtet bekrefte. Det er ein ekstraordinær situasjon der eit stort mindretal i FT ikkje ynskjer at vedtaket skal bli gjennomført. Eg er samd med Lorentzen at det har gått seg veldig godt til. Eg har skrytt av styreleiar og den måten han har løyst oppgåva på. Når vi diskuterer nye styremedlemmer har eg eit ynskje om å behalde kontinuitet fordi selskapet er inne i ein utfordrande markedsituasjon selskapet er i. Dei har fått spørsmål om kven som kan tenke seg å fortsette og fleire av dei har gitt tilbakemelding om at det ynskjer dei. No skal vi snart inn i eit arbeid i valnemnda, og det ynskjeleg for oss å ha kontinuitet i styret. Det viser at vi har eit profesjonelt og godt forhold til styret, der vi har løyst konfliktsaker. Det har vore ei såpass krevjande sak at eg veit ikkje om vi kunne klart å handtert det betre. Det har vore heilt nødvendig å ha ein god dialog med styreleiar. Det har hendt at eg har ringt han utanom desse møta. Det har vore når det har vore mediesaker, og andre tilhøve eg syntes han har hatt behov for å vite. Han har også ringt meg. Eg ringde han den dagen då selskapsinterne dokumenta vart lekka frå FU. Då fekk eg opplyst at det ikkje var andre enn FU som hadde fått dei eigardokumenta. Det er opparbeidd tillit og gjensidig respekt.

23. Ringstad: Det var hevda etter møtet 13. mars at du og styreleiar ikkje var heilt enige. Var det grunnen til til innlegget som har stått i media?

Ja, det var det egentleg, fordi vi følte at det som kom ut i media var veldig misvisande.

24. Ringstad: Så de meinte at påstandane i media ikkje var korrekte?

Ja, det var misvisande. Når eigardokument, som partsadvokat Selmer, som er Fjord1 sin advokat har skrive, vert gjengitt i media, så blir det eit skeivt og misvisande bilde av våre samarbeidsrelasjoar. Selmer har ikkje vore med i desse møta.

Det som også var reagert på i det FU-møtet var kommunikasjonen rundt konkurransetilsynet. Nokon oppfatta at dette var ei konflikt fordi JØ var tydeleg på at dette hadde vorte unødig

dyrt for fk, og det var då han meinte å seie. Då følte Lorentzen at det vart peikar på styret som vanskelege. Lorentzen følte også behov for at eg ga uttrykk overfor FU at saka var behandla greitt av styret.

Dei notata som var lagt fram er gode og nyttige i korleis ein skal følgje aksjelova. Så må ein ha respekt for at vi har eit vedtak som skal gjennomførast. Men det var ein ekstremt vanskelg situasjon for det nye styret. Eigar i konflikt, gjennomføre eit sal der andre aksjonæren påberoper seg forkjøpsretten, og så skal vi handtere aksjonæravtale og skape tillit til TH.

Noko du vil legge til.

Nei eg trur eg har fått med alt som er relevant.

Kontrollutvalsleiar takk for intervjuet.

Leikanger 19.05.16, Einar Ulla

Verifisert av Jenny Følling pr. e-post 21. mai 2016
Sendt fra min iPad